

Søknad utviklingsstipend

Eg er ein 19 år gammal gut som driv med langrenn. Komande sesong er min siste som juniorløpar og eg skal konkurrere i klassen M19/20 år. I haust flytta eg til Lillehammer og der skal eg kombinere trening med studie.

Eg har fullført 3 år på toppidrettslinja ved Voss gymnas og har på dei åra fått god oppfylgjing og hjep og utvikla meg som langrennsløpar. Mi beste plassering har eg frå avslutninga av Norges cupen i Harstad i 2015 då eg vart nr 4 på 10 km skibyte, klasse M18. Same sesong vart er nummer 8 samanlagt i norgescupen. Førre sesong var litt tyngre, men eg føler eg lærde mykje av den og det tek eg med meg vidare no når eg trenar for meg sjølv på Lillehammer. Tross ein del motgang, fekk eg med meg ein 18 plass i den tøffe 19/20 års klassen, der eg var blant dei 5 beste fødd i 1997.

Eg har som nemnd flytta til Lillehammer der eg no satsar for fullt på langrenn i tillegg til at eg studerer litt. Eg trener hardt kvar dag for å utvikle meg som idrettsutøvar og for å gå fortast mogleg på ski. Målet mitt for neste sesong blir å kjempe i toppen på nasjonale renn, og ligge mellom dei 10 beste på distanserenna. Det er tøff konkurranse, men med tanke på det eg har vist tidlegare trur eg dette er ei realistisk målsetjing. Dersom eg klarar denne målsetjinga håpar eg å kunne kjempe om ein plass på Team Veidekke Vest, der eg kan fortsette å utvikle meg vidare som senior. Målet for langrennskarriera mi er å verte blant dei beste langrennsløparane i landet og dermed også i verda.

Eg føler eg har eit stort potensial som langrennsløpar og det ville vore til stor hjelp og motivasjon å motta eit slikt stipend, spesielt i ein sesong der eg står utanfor noko skigymnas og lyt organisere og finansiere ein del samlingar sjølv.